



Helge held koken! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er nokre songartistar som likar å kalla seg "rustne herrar". Det har Helge Nilsen (62) frå Laksevåg enno ingen grunn til, sjølv om han har heldt det gåande i bransjen i godt over 40 år!

Røysta er framleis mektig og klår og Helge har ein stor skare av fans. Berre så synd at ikkje fleire av dei kom til

Dønhaugkjedlaren påskeafta. Men dei 30 som var der, fekk ei fin påskeoppleving i selskap med den levande legenden. At det truleg ikkje vart pluss i rekneskapen denne kvelden får våge seg. Huglen kan ikkje lykkast økonomisk hundre prosent kvar gong han heller!

Nokon sette kanskje ikkje så stor pris på at Helge stilte med orkester på boks, men det er no eingong slik at ikkje alle er like store ekvilibristar på gitaren som til dømes Gill Edwards. Han var i kjedlaren to dagar før og let som eit heilt orkester åleine!

Men Helge ga tilhøyrarane ein fin blanding av rock og pop frå sine mange artistår og det er å håpe at det blir ålvor av den "Lollipop-kvelden" som Magne Huglen harv planar om på haustparten.

Det er i grunnen ganske utruleg, men ein må heilt attende til 1964 for å finne det året då det lukkelege kompaniskapet mellom Helge Nilsen og Rune Larsen vart til. Då hadde Helge allereie ei tid vore vokalist i The Stringers og Larsen vart den neste. Ein periode song dei også begge i bandet og då var det begrepet Helge & Rune oppstod.

Den første plata deira – "Den første gång jag såg dig" selde meir enn 8.000, men duoens største suksess var Ja-plata i 1966 der dei presenterte ein opprocka versjon av "Per Spellemann".

Samarbeidet mellom dei to varar framleis og Helge tillet seg i Dønhaugkjedlaren å mobba Rune på høgst vennskapeleg vis sjølv om han ikkje var tilstades. Når det så gjeld Lollipop-begrepet (som både var ein TV-serie, ein plateserie og eit ensemble) var det Rune som skapte det, men Helge var ein solid støttespelar på laget saman med mellom andre Tor Endresen og Trygve Thue.

Får vi oppleva dei alle på Dønhaug til hausten? Gjer vi det, kjem det garantert atskillig fleire enn i kjedlaren laurdag.

Av Ola Matti Mathisen



Også vertskapet hadde ein fin kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)